



Ålfotbreen
verneområde styre

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde styre
Møtestad: Quality hotell Florø
Dato: 06.12.2024
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 17/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 18/24	Val av styremedlem til å signere protokoll		
RS 9/24	Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2024		2019/10793
RS 10/24	Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og forbruk av tiltaksmidlar i 2024		2019/4056
ST 19/24	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2025		2019/2582
ST 20/24	Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan		2019/10801
ST 21/24	Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om tiltaksmidlar for 2025		2019/4056
ST 22/24	Ålfotbreen verneområdestyre - bestille ressursar frå Statens naturoppsyn i 2025		2024/17534
ST 23/24	Ålfotbreen verneområdestyre - Høyring om forslag til ny lov om besøksbidrag		2019/7672
ST 24/24	Eventuelt		

ST 17/24 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 18/24 Val av styremedlem til å signere protokoll



Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 4/2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte/mindre saker

- Det har ikkje vore handsama delegerte saker sidan førre møte.
- SFE fekk utvida helikopterløyvet sitt i samband med bygging av bremålingshytta til 1.desember 2024.

Økonomi

Styret fekk totalt 170.000 i driftsbudsjett og driftsmidlar (vedlikehald) i 2024, der fordelt på 120.000 i driftsbudsjett til styret og 50.000 i driftsmidlar (vedlikehald). Per 22.11 er det brukt totalt 98.000 av desse midlane.

Vi har framleis styremøte 4/2024 att som vil medføre kostnader før året er omme. I tillegg bør det nemnast at samtlege styremedlemmer har møtedeltaking i 2024 som de ikkje har sendt krav på og dermed ikkje fått utbetalt enno, men som e har krav på og som det er budsjettert med.

Nasjonalparkstatus

Her har vi no i haust kome eit viktig steg vidare. Kommunestyra i Gloppen kommune og Bremanger kommuna har begge handsama saka formelt, og begge har gjort vedtak om at Statsforvaltaren i Vestland kan gå vidare i prosessen med å greie ut nasjonalparkstatus for Ålfotbreen. Statsforvaltaren kan no starte på neste steg i prosessen, som mellom anna handlar om medverknad frå grunneigarar og andre interesser. Dette vert ofte løyst ved å sette ned ei eller fleire referansegrupper.



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - status på tiltak og forbruk av tiltaksmidlar i 2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Status på tiltak og tiltaksmidlar per 22.11.2024

Bakgrunn

Ålfotbreen verneområdestyre har fått 200.000 i tiltaksmidlar for 2024. Styret fordelte midlane på styremøte 1/2024. I tillegg fekk vi tildelt 50.000 til drift og vedlikehald av infrastruktur.

Generelt

Styret og forvaltninga gjorde i starten av året ei grei vurdering og prioritering av midlane og av kva tiltak som skulle gjerast. Seinare på våren dukka det opp nye og uventa behov som måtte handterast. Flaum i desember 2023 hadde gjort skade på vegar, stikkrenner og parkeringsplass i Grøndalen. I tillegg oppdaga ein i april at vinteren hadde gjort skade på brua som vi monterte ved Skarvevatnet i 2021. Begge deler måtte reparerast om investeringane vi har gjort på begge stader skulle komme til nytte.

Det er krevjande både å få gjennomført den type tiltak som vi legg opp til, og ikkje minst å styre økonomien i dei. Forvaltar legg seg på ei linje med låg økonomisk risiko, der vi vil unngå å sprengje budsjett og forbruke meir midlar enn det vi får tildelt. Den linja fører derimot til at faren for å «brenne inne med» tiltaksmidlar aukar.



Sti til Blåbrebu

I juni var forvaltar og SNO ved Grøndalsstøylen og utbetra hengebrua som går over elva der og som er ein del av ruta frå Grøndalen til Blåbrebu. Tiltaket var i tråd med planar som var lagt etter tidlegare synfaringar og prioriteringar. Arbeidet gjekk som planlagt, og i tillegg fekk vi rydda opp i gammalt skrot og materialrestar som låg att der etter tidlegare arbeid på brua. Når brua no er utbetra, meiner forvaltninga at ruta til Blåbrebu har ein bra standard sett i høve til bruken av ruta.

Parkeringsplassen i Grøndalen

Gravdal Skog og Hageservice gjorde ferdig jobben med kantstein og avgrensing av avkøyrsla. Løysinga her er ikkje ideell og noko upraktisk, men den måtte til for å støtte krav frå Vestland Fylkeskommune som gjaldt trafikktryggleik. Dette var arbeid som vart avtala og betalt av tiltaksmidlar i 2023, men utført først i 2024.

Når Gravdal likevel var i Grøndalen, reparerte dei parkeringsplassen etter flaumskadane. Dei reinska grøfter og stikkrenne, og dei la på nytt toppdekke på delar av parkeringsplassen.

Rydde og merke stiar i Nordalsfjorden

Det var sett av totalt 50.000 til rydding og merking av stiar i området rundt Grøndalen og omegn. I utgangspunktet var dette to tiltak, men dei var sopass like at dei vart handtert samla. Ei lita gruppe med ungdommar tok jobben gjennom den lokale verksemda Hogg & Belegg i Nordalsfjorden. Jobben var planlagt saman med grunneigar og med Flora Turlag. Av ulike årsaker (mellom anna mykje dårleg ver) vart det ikkje jobba for heile summen, berre 7.000 vart til slutt fakturert på dette tiltaket.

Brua ved Skarvevatnet

Sommaren 2021 monterte vi ei bru ved utløpet av Skarvevatnet ved Gullsmehytta i Gloppen. Brua klarte seg bra dei første vintrane men sist vinter fekk den skade og vart bøygd. Dette vart oppdaga då grunneigar Martin Mettenes skulle gjere brua klar for vår-/sommarsesongen.

Vi bestilte inn nye delar og la opp til reperasjon av brua utpå seinsommaren. Dessverre vart sommaren og hausten prega av mykje dårleg ver, og vi måtte utsette arbeidet fleire gonger. Vi var avhengige av helikopter og flyvær for å kome oss opp til Skarvevatnet med delar og utstyr. I tillegg er dette eit område kor ein bør ha brukbart ver både for å ferdast og arbeide.

Tysdag 5. nov kom vi oss endeleg opp og fekk reparert brua. Vi gjorde naudsynte tiltak slik at brua skal tole den komande vinteren, og gjorde den elles klar til vinter. Vi må helst opp att til våren og gjere nokre ekstra tiltak, samstundes som brua vert gjort klar for sommarbruk.

Grunneigar Martin Mettenes utfører tilsyn med brua og gjer den klar for vinter og sommar. For det får han ei mindre godtgjersle som vert dekka av driftsmidlane til styret, og som vert betalt via Midtre Nordfjord turlag.



Informasjonsskilt

Oppsetting av nye informasjonsskilt vart lagt litt på vent, sidan det var usikkerheit kring kostnad på eit par andre tiltak. Særleg med tanke på brua ved Skarvevatnet som dukka opp undervegs i året.

No i haust har vi sett at vi har midlar til overs som kan brukast på skilt. Forvaltar har derfor bestilt 2 stk skilttavler i cortenstål og 4 stk plakatar med kart og info. Dette har ein samla kostnad på noko over 60.000. Tavler og plakatar vil bli levert først i 2025, men vil bli betalt med årets tiltaksmidlar.

Eg har vore i dialog med Bremanger kommune om aktuelle plasseringar av skilt, og vi ser både på butikken i Ålfoten og Svelgen sentrum.

Forbruk av midlar

Vi har ikkje fått alle fakturaane enno, men vi ligg an til å bruke omtrent 180.000 kr av tiltaksmidlane. I tillegg kjem vel 20.000 av driftsmidlane til vedlikehald.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 21.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	19/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2025

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre søker Miljødirektoratet følgjande for 2025:

- Driftsbudsjett for styret på kr 108.900
- Driftsmidlar til vedlikehald kr 30.000

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre for 2025 (framlegg)

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnader som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året, noko som normalt sett vil vere tilstrekkeleg med den saksmengda vi har. Det er derfor naturleg å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnader og kostnader til lokale og servering på møta.



Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkast reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle. Vi har normalt eitt møte i Rådgjevande utval kvart år, i september eller tidleg i oktober.

Konferansar og studieturar

Vi hadde kompetanseprogram for styra i 2024, so det er ikkje aktuelt i 2025. Vi har heller ikkje fått melding om at Miljødirektoratet planlegg nasjonalparkkonferanse eller liknande.

Dersom styret ønskjer å ha studietur eller anna fagleg påfyll som har kostnadar utover dei ordinære styremøte, so må dei kostnadane leggjast inn i driftsbudsjettet og søkast om.

Drift av nettsider

Vi har nokre mindre kostnader til drift av nettsidene våre. Vi har der ein avtale med leverandør av nettsidene, Trollbinde AS på Dombås. Dette er inkludert i driftsbudsjettet til styret.

Driftsmidlar

Driftsmidlar til vedlikehald og drift av infrastruktur er ein ny post som vi fekk i 2024. Vi fekk då 50.000 som kan brukast til vedlikehald og drift av anlegg og infrastruktur, først og fremst slikt som vi tidlegare har investert i. Dei midlane ligg på same budsjettpost som driftsbudsjettet til styret. 50.000 er nok ein del meir enn vi per no treng til vedlikehald.

Planmidlar

Midlar til kartlegging, planarbeid og liknande ligg på same budsjettposten som driftsbudsjettet til styret. Dersom ein har behov for den typen midlar, skal dei søkjast om saman med driftsbudsjettet. Forvaltninga ser ikkje slike behov for Ålfotbreen i 2025.



Arkivsaksnr: 2019/10801-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	20/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - revidering av tiltaksplan

Innstilling frå forvaltar

Ålfotbreen verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Framlegg til tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde
- Besøksstrategi for Ålfotbreen LVO
- Forvaltningsplan for Ålfotbreen LVO

Bakgrunn

Kvart år søker Ålfotbreen verneområdestyre om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane. Tiltaka skal vere med på å oppnå målsetningar i forvaltningsplan, besøksstrategi og andre dokument. Tiltaka som ein skal søke om midlar til bør ha ei forankring i planverket til forvaltninga.

Både forvaltningsplan og besøksstrategi er nokre år gamle. Dei fleste tiltaka i dei desse plandokumenta er enten gjennomført eller ikkje lenger aktuelle. Nye behov og problemstillingar har dessutan dukka opp i åra som har gått. Det er derfor behov for ein meir oppdatert tiltaksplan som grunnlag for søknad om og bruk av tiltaksmidlar.

Tiltaksplanen til Ålfotbreen er eit enkelt og dynamisk dokument som vert oppdatert kvart år. Gjennomførte tiltak vert kvittert ut, igangsette tiltak vert endra og oppdatert tilpassa gjeldande status, og nye behov vert lagt inn. På ein del tiltak vert og kostnadsestimatet justert ut i frå kunnskapsgrunnlag og ambisjonsnivå. Den gjeldande planen vart revidert i desember 2023.



Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der. Ein kortversjon av tiltaksplanen kan de sjå under her.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
	Rydde skog langs skogsvegen i Hope	I og langs skogsvegen som går oppover mot Lavesteinen er det behov for å rydde skog.	25 000
	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	Tilsyn. Legge på plass dekke etter vinteren. Gjere den vinterklar til hausten	Driftsmidlar
	Rydde og merke stiar i Nordalsfjordområdet	Flora turlag har planlagt tiltaket og vil få det utførst med lokal ungdom.	30 000
NY	Hamna på Mettenes	Gjere ferdig "innmaten" i hamna på Mettenes slik at den vert attraktiv for ålmenta å bruke.	150 000
	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	60 000
	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk. Toppdekke ved gapahuken. Tilkomst til vatnet. Vurdere å sette opp toalett om ein får avtale om tilsyn og drift.	150 000



Arkivsaksnr: 2019/4056-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	21/24	06.12.2024

Ålfotbreen landskapsvernområde - Søknad om tiltaksmidler for 2025

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
	Rydde skog langs skogsvegen i Hope	I og langs skogsvegen som går oppover mot Lavesteinen er det behov for å rydde skog.	25 000
	Tilsyn med brua ved Skarvevatnet	Tilsyn. Legge på plass dekke etter vinteren. Gjere den vinterklar til hausten	Driftsmidler
	Rydde og merke stiar i Nordalsfjordområdet	Flora turlag har planlagt tiltaket og vil få det utført med lokal ungdom.	30 000
NY	Hamna på Mettenes	Gjere ferdig "innmaten" i hamna på Mettenes slik at den vert attraktiv for ålmenta å bruke.	150 000
	Infoskilt	Sette opp fleire infoskilt i Hyen, Flora og Bremanger	60 000
	Tilrettelegging Førdedalen	Mindre tiltak i samband med naturmøteplass kor det er sett opp gapahuk. Toppdekke ved gapahuken. Tilkomst til vatnet. Vurdere å sette opp toalett om ein får avtale om tilsyn og drift.	150 000



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Rammer og opplegg for statsforvaltere og verneområdestyrene 2025
- Strategi for bruk av tiltaksmidler i verneområder 2020-2025
- Tiltaksplan for Ålfotbreen landskapsvernområde

Bakgrunn

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2024. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtelsesplan . Miljødirektoratet sin strategi for bruk av tiltaksmidlar ligg vedlagt.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tiltak).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.

Summane som står her er rettleiande. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. For skjøtseltiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som oftast vert heile ramma brukt. Tilretteleggingstiltak er derimot ofte verre å estimere.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.



Arkivsaksnr: 2024/17534-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 22.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	22/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - bestille ressursar frå Statens naturoppsyn i 2025

Innstilling frå forvaltar

Forslag til bestilling av SNO-ressursar i 2025:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Rådgjeving og oppfølging av stiltak

Saksopplysningar

Bakgrunn

Det lokale naturoppsynet er feltapparatet til styret og forvaltninga. Det er oppsynet som er våre auge der ute i felt, og som i hovudsak skal kontrollere og dokumentere på vegner av styret.

Vi har ein god kommunikasjon med lokalt SNO, men det er likevel krav til at vi bestiller ressursar, oppdrag og tenester frå SNO gjennom løysinga som heiter Naturoppdrag.

Det viktigaste konkrete bidraget frå SNO til verneområdestyret er at lokalt naturoppsyn er med på møta i verneområdestyret og i møte med rådgjevande utval. Lokalt SNO bidreg her med viktig kompetanse og informasjon.

Forvaltninga ønskjer og å nytte den sterke kompetansen som lokalt SNO har innan stiltilrettelegging. Det gjeld både planlegging, prosjektering, oppfølging og praktisk gjennomføring av våre eigne tiltak.



Arkivsaksnr: 2019/7672-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 21.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	23/24	06.12.2024

Ålfotbreen verneområdestyre - Høring om forslag til ny lov om besøksbidrag

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka.

Saksopplysningar

Regjeringa har lagt forslag til ny lov om besøksbidrag ut på offentleg høring med frist 3.januar. Forslaget er eit resultat av at det i fleire år har blitt jobba med ein modell for finansiering av reiselivsrelaterte fellesgoder.

[Høring om forslag til lov om besøksbidrag - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Dette temaet har vore høgt på agendaen i fleire år. Særleg om sommaren i høgsesongen for reiselivet i Noreg har det ofte blitt peika på behovet for betre infrastruktur og fellesgoder som alle kan bruke. Det gjeld parkering, sanitæranlegg, avfallshandtering, vegar , stiar osv. Alle er einige om at vi trenger meir av det, men ingen vil ta ansvar for å betale det.

Teamet er særst relevant for verneområdeforvaltninga. Vi jobbar og med fellesgoder og finansiering av desse. Dei fleste tilretteleggingstiltaka som vert gjort i forvaltninga sin regi og med tiltaksmidlar er nettopp fellesgoder. Dette med besøksbidrag kan derfor vere med på å styrke slike tiltak og gje økonomiske musklar til å gjennomføre større tiltak. Det kan og vere med å sikre drift av tiltak og anlegg som vi i dag ikkje kan drifte.

Lovforslaget går ut på å opne opp for at kommunane kan lage forskrift om besøksbidrag i sin kommune i form av overnattingsavgift. Det vert altså ei avgift på prisen for overnatting på hotell, campingplassar og andre som tilbyr overnatting mot betaling. Avgifta kan vere på inntil fem prosent av prisen, eks mva.



Verneområdeforvaltar ser på det som særst positivt om ein får på plass ei generell ordning for fellesgodefinansiering gjennom eit besøksbidrag eller liknande. Eg har derimot ikkje gått grundig inn i denne modellen for å vurdere om den er den beste måten, eller for å sjå på om det bør gjerast endringar i framlegget.

Handsaming i møtet

Styret tek stilling til om ein skal sende inn høyringsfråsegn til lovforslaget, og i so fall innhaldet i den.

ST 24/24 Eventuelt